

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - D11, FE - 202	14/498

Saknr	Utval	Type	Dato
024/2015	Formannskapet	PS	10.02.2015
013/2015	Kommunestyret	PS	19.02.2015

Søknad om medfinansiering av idrett- og aktivitetsanlegg Matre

Vedlegg:

Søknad kommunen underskriven

VS Søknad om finansiering av Matre Idrettsanlegg

Vedlegg 1. Finansiering Matre Idrettsanlegg

Vedlegg 2. Teknisk beskrivelse Matre Idrettsanlegg

Vedlegg 3. Presentasjon av Bjørn West Idrettslag

Vedlegg 4. MASFJORDEN FOTBALLAG - 2014

Vedlegg 1. Finansiering Matre Idrettsanlegg

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune gjev eit tilskot med kr. 300.000,- over kraftfondet som medfinansiering av idretts- og aktivitetsanlegg Matre, til delprosjekta friidrettsbane, fleirbruksanlegg og fotballbane.

2. Masfjorden kommune tek ansvar for oppføring og finansiering av nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr. 826.000,-, og nettokostnad kommunen med 346.000. Tiltak vert innarbeidd i investeringsbudsjettet ved saldering av 2015 budsjettet

3. Masfjorden kommune stiller garanti for lån, fordelt med inntil kr. 1.000.000 IL Bjørn West og inntil kr. 2.000.000 Masfjorden fotballag (spesifisering av KS vedtak 86/14)

4. Det vert sett ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå Bjørn West IL, Masfjord Fotballag og Masfjorden Kommune for å styre og gjennomføra prosjektet jf. elles kommunen sitt økonomireglement vedk. investeringsprosjekt.

5. Masfjorden kommune kan forskottere nokre av delkostnadene til il/fotballaget etter nærare avtale mellom partane

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Søknad frå Masfjord fotballag og IL Bjørn West om medfinansiering av

anlegg/idrettsanlegg Matre av 18.mars 2014 – tidlegare framlagt som skriv- og melding overfor formannskap, drøfta i fleire formannskap og arbeidsmøter utover i 2014 med sikte på å bidra til realisering av prosjekta. Det vart søkt om medfinansiering på kr. 874.819,- + eigenandel nærmiljøanlegg ved Matre skule, kr. 302.205,-, samla nær 1,2 mill.kr., justert litt opp ved siste kostnadsoverslag.

Vurdering

Det har i lang tid vore jobba med å få på plass finansiering og reelt talgrunnlag for prosjekta, og dermed grunnlag for å få realisert av 4 idrett- og aktivitetsanlegg Matre. Framleis usikkerheit kring kalkylane sidan desse ikkje er basert på anbod, samt at ein del av prisane er i Euro, og valutasvingingane kan gjere sine utslag.

Uttale

Mange ønskjer at prosjekta vert realisert og realisering vil gje eit løft for område, og legg inn her svar frå rådmann 19.11.14. til Elevrådet Matre skule som svar på e-post av 18.november;

Hallo Malin og elevrådet ved Matre skule. Meldinga di vart lagt fram for formannskapet som hadde møte i går. Det føreligg planar og løysing for i alt 4 prosjekt i og rundt Matre skule. Samla sett medfører desse prosjekta store kostnader, og det vert arbeidd med finansiering, og pr. dato er ein ikkje heilt i mål med å få på plass fullfinansiering. Eg reknar med at dette kjem på plass i løpet av året. Masfjorden kommune fekk søknad om medfinansiering av tiltaka tidleg i 2014, og skal ta stilling til si medverknad når søknad om støtte BKK er klargjort vedtok formannskapet 20.10.2014, og fått signal om at dette vert klargjort 5.12., og då kan kommunen ta stilling til medverknad i des.14/jan.15. Planane og skissene for løysingar er fine, og eg forstår at det er ønskeleg å få desse realisert, og noko eg trur vil skje i løpet av 2015 i samarbeid med Masfjord fotballag og IL Bjørn West.

Høyring

Fakta

Kommunen har mottatt søknad datert 18.03.2014 om medfinansiering av div. anlegg Matre frå Masfjord fotballag og IL Bjørn West.

Søknad om finansiering av idrettsanlegg

Opprusting av Matre Idrettsanlegg er eit fellesprosjekt med Masfjorden Kommune, Bjørn West Idrettslag og Masfjord Fotballag. Opprustinga består i fire delprosjekt der tre spelemiddelsøknadar er sendt. Delprosjekta heng saman og må gjennomførast samstundes.

- Kunstgras fotballbane –	kr 3 495 452,-
- løpebane med kunstdekke –	kr 774 491,-
- fleirbruksanlegg med kunstdekke –	kr 768 313,-
- nærmiljøanlegg med kunstdekke for klatrenett –	kr 577 650,-

Anlegget ihht søknadar er kostnadsrekna til kr 5 790 280,- inkl.mva.

Finansieringa er delt på Masfjorden Kommune, Bjørn West Idrettslag og Masfjord Fotballag med følgjande eigenandelar:

- Masfjorden Kommune –	kr 378 205,-
- Bjørn West Idrettslag –	kr 710 492,-
- Masfjord Fotballag –	kr 1 417 351,-

Detaljar gjeldande kostnader og finansiering er vist i vedlegg.

Forfinansiering:

- Bjørn West Idrettslag og Masfjord Fotballag vil med dette søkja Masfjorden Kommune om forfinansiering av anlegget ihht vedlagte finansieringstabell, kr 5 790 280,- inkl mva. Dette vil føra til at me kan ferdigstilla, og ta i bruk anlegget i løpet av 2014. Dersom dette ikkje let seg gjennomføre må me vente til spelemiddelsøknadane er innvilga, noko som kan medføre ei forseinking av anlegget på 3 til 5 år.

Medfinansiering:

- Bjørn West Idrettslag og Masfjord Fotballag er små lag der årleg budsjett i hovudsak dekkar drifta. For å letta belastninga og unngå for store inngrep i aktiviteten vil me søkja Masfjorden Kommune om 50 % finansiering av eigenandelane i anlegget. Me søker med dette om finansiering av kr 874 819,- i tillegg til Masfjorden Kommune sin eigenandel.

Justert oppstilling av investeringsprosjektet pr. utgangen av januar 2015;

Kostnader		Søknad 1		Søknad 2	Søknad 3	
Hva	f	Friidrettsbane (BW)	Nærmiljø anlegg (MK)	Fleirbruksanlegg (BW)	Fotballbane (MF)	TOTALT
Dekke		384 208	469 405	349 205	1 740 810	2 943 628
Asfalt		115 000	92 000	115 000	11 932	333 932
Skraping		24 500	19 600	24 500	147 000	215 600
Utstyr		22 259		25 000	446 000	493 259
Annet					81 000	81 000
Fellesanlegg		23 250	46 500	23 250	46 500	139 500
Sum eks mva		569 217	627 505	536 955	2 473 242	4 206 919
mva	0,25	142 304	156 876	134 239	618 311	1 051 730
Sum utgift inkl mva		711 521	784 381	671 194	3 091 553	5 258 649
Dugnad		10 000		5 000	60 000	75 000
Rabatter/gaver		53 130	41 400	51 750	243 594	389 874
Totalkostnad		774 651	825 781	727 944	3 395 147	5 723 523

I januar 2013 vart det søkt om kr. 200.000 til aktivitetsområde på Matre skule. Søknaden gjaldt klatreanlegg i den halvsirkelen på idrettsbana som ligg nærast skulen. Kostnaden i alt 470.000. i skriv av 10.6.2013 fekk ein tildelt 200.000 i spelemidlar slik det var søkt om. Helselaget er inne med 55.000, dugnad 15.000 og den kommunale delen er kr. 200.000, kor av 90-100.000 i momskompensasjon. Tilsegn om spelemidlar gjeld til juni 2015.

Samla finansiering av dei 4 prosjekta utgjer pr. utgangen av januar 2015;

FINANSIERING	
Ekstern finansiering	
Omsøkte spelemidlar	1 621 913
Tidlegare tildelte spelemidlar (MK)	200 000
Matre/Haugsdal+Haugsvær Helselag (MK)	55 000
Tilskot BKK	250 000
Tilskot Hordaland Fotballkrets	500 000
Tilskot Marine Harvest	100 000
Tilskot Sparebanken Vest	30 000
Matre / Haugsdal Helselag (BW)	50 000
Haugsvær Helselag	20 000
Matre Bygdelag	50 000
Sum ekstern finansiering før mva	2 876 913
mva kompensasjon	1 063 855
Sum ekstern finansiering etter mva	3 940 768

Som inneber at ein manglar om lag 1,3 mill.kr. for å fullfinansiere anlegga.

I samsvar med søknaden er IL BW og fotballlaget villig til å gå inn med ein del midlar, desse er primært basert på lånefinansiering.

Eigenandel BW IL		336 822		236 955		573 777
Eigenandel Fotballaget					1 454 698	1 454 698

Tilrådinga i denne saka tilseier at kommunen går inn med ein del midlar, og samla

sett ser ein for seg slik restfinansiering av anlegga –	
Masfjorden kommune	646 000
IL Bjørn West	322 315
Masfjord fotballag	814 440
Sum finansiering	5 723 523

Kommunestyre har tidlegare gitt lånegaranti jf. Kommunestyremøte 11.12.2014, KS 86/14 IL Bjørn West/Masfjord fotballag har fått tilsagn om tilskot til å oppgradere Matre idrettsbane med kunstdekke. For å kunne sende søknad om spelemidlar i januar 2015, vil Høgre, Fremskrittspartiet og Venstre foreslå at det i forbindelse med investeringsbudsjett 2015 vert gitt tilsagn om ein kommunal garanti for kr 3 mill til forskotering av mva. og spelemidlar. Kommunestyret forutset at fylkesmannen godkjenner garantitilsagnet. Kommuneleva § 51 nr 1. Røysting: Framlegg frå H vart samrøystes vedteke.

Konklusjon

Masfjorden kommune går inn med eit tilskot med kr. 300.000,- over kraftfondet som medfinansiering av idretts- og aktivitetsanlegg Matre, til delprosjekta friidrettsbane, fleirbruksanlegg og fotballbane – og at dette tilskotet dannar grunnlag for realisering av prosjektet.

Masfjorden kommune tek ansvar for oppføring og finansiering av nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr. 826.000,-, og nettokostnad kommunen med 346.000. Tiltak vert innarbeidd i investeringsbudsjettet ved saldering av 2015 budsjettet

Masfjorden kommune stiller garanti for lån, fordelt med inntil kr. 1.000.000 IL Bjørn West og inntil kr. 2.000.000 Masfjorden fotballag (spesifisering av KS vedtak 86/14)

Det vert sett ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå Bjørn West IL, Masfjord Fotballag og Masfjorden Kommune for å styre og gjennomføra prosjektet jf. elles kommunen sitt økonomireglement vedk. investeringsprosjekt.

Masfjorden kommune kan forskottere nokre av delkostnadene til il/fotballaget etter nærare avtale mellom partane, for å avhjelpe situasjonen kan kommunen forskottere mva.komp. og spelemidlar, og redusere behovet for bruk av eksterne lån

Formannskapet - 024/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

1. Masfjorden kommune gjev eit tilskot med kr. 300.000,- over krafftundet som medfinansiering av idretts- og aktivitetsanlegg Matre, til delprosjekta friidrettsbane, fleirbruksanlegg og fotballbane.

2. Masfjorden kommune tek ansvar for oppføring og finansiering av nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr. 826.000,-, og nettokostnad kommunen med 346.000. Tiltak vert innarbeidd i investeringsbudsjettet ved saldering av 2015 budsjettet

3. Masfjorden kommune stiller garanti for lån, fordelt med inntil kr. 1.000.000 IL Bjørn West og inntil kr. 2.000.000 Masfjorden fotballag (spesifisering av KS vedtak 86/14)

4. Det vert sett ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå Bjørn West IL, Masfjord Fotballag og Masfjorden Kommune for å styre og gjennomføra prosjektet jf. elles kommunen sitt økonomireglement vedk. investeringsprosjekt.

5. Masfjorden kommune kan forskottare nokre av delkostnadene til il/fotballaget etter nærare avtale mellom partane

Kommunestyret - 013/2015

KS - behandling:

John Torsvik, H og Arthur Sjursen, Ap stilte spørsmål om sin gildskap

Røysting:

Samrøystes vedteke at John Torsvik og Arthur Sjursen er ugild i saka.

John Torsvik og Arthur Sjursen forlet møte.

Ordførar Karstein Totland gjekk gjennom saka.

Saka vart drøfta.

Vigdis Søvik, Sp la fram framlegg om å utsette saka.

Røysting:

Framlegg om utsetting fekk 2 stemmer, Sp, og fall.

Røysting:

Tilråding til vedtak frå Formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

1. Masfjorden kommune gjev eit tilskot med kr. 300.000,- over kraftfondet som medfinansiering av idretts- og aktivitetsanlegg Matre, til delprosjekta friidrettsbane, fleirbruksanlegg og fotballbane.

2. Masfjorden kommune tek ansvar for oppføring og finansiering av nærmiljøanlegg med ein brutto kostnad på kr. 826.000,-, og nettokostnad kommunen med 346.000. Tiltak vert innarbeidd i investeringsbudsjettet ved saldering av 2015 budsjettet

3. Masfjorden kommune stiller garanti for lån, fordelt med inntil kr. 1.000.000 IL Bjørn West og inntil kr. 2.000.000 Masfjorden fotballag (spesifisering av KS vedtak 86/14)

4. Det vert sett ned ei prosjektgruppe med medlemmar frå Bjørn West IL, Masfjord Fotballag og Masfjorden Kommune for å styre og gjennomføra prosjektet jf. elles kommunen sitt økonomireglement vedk. investeringsprosjekt.

5. Masfjorden kommune kan forskottere nokre av delkostnadene til il/fotballaget etter nærare avtale mellom partane